

Tusen år gamle røyskattfeller

Sommaren 1975 kom den profilerte friluftsmannen Arne Randers Heen til Sverre Berg på Romsdalsmuseet med ein 1,5 m lang stokk han hadde teke med seg. Stokken var kløyvd i to etter margen, og midt på var det uthola eit lite firkanta rom. Stokken var funnen godt gøymd under ein stor stein oppi Fossaliura mellom Flatmark og Verma. Staden ligg rundt 350 moh. og er langt frå folk.

Fleire av same sort

Det var samlaren og naturmannen Andreas Normann (1911-1990) som visste om fleire slike kløyvde stokkar oppi denne ura, og sommaren 1975 fekk han med seg Arne Randers Heen og Adolf Grüner frå Åndalsnes for å finne fleire, og kanskje finne ut kva dette var for noko. Det var då dei fann den lange stokken, og dei valde å ta han med ned til sivilisasjonen i håp om å få svar på gåta. Andreas Normann var godt kjend i området frå barndom og oppvekst på Nyløvollen litt lenger sør i dalen, og han hadde før dette teke med seg heim ein liknande, men kortare uthola stokk. Spørsmålet var: Hadde desse kløyvde stokkane noko med (pelsdyr-)fangst å gjere? Sverre Berg tok kontakt med Norsk skogbruksmuseum, som det heitte den gongen, men noko slikt hadde ikkje fagfolka der sett før.

Eigne erfaringar

Som gutunge og framover til 15-årsalderen hadde eg oppe steinfeller for røyskatt alle år. Eg var langt frå åleine som heldt på med dette i Eikesdalen, og eg følte at eg stod i ein lang, ubrotten tradisjon. Eg såg etter fellene mine kvar veke, og eg kjente på ei god spenning med det heile.

Inspirert av funna i Romsdalen sende eg ut ei spørjeliste til folk som hadde drive med pelsdyrfangst i kommunane våre. Det kom inn rett mange svar, men ingen nemner



Anders Randers Heen og Adolf Grüner med funnet som vart gjort i Fossaliura sommaren 1975, R.03272A-C. Andreas Normann var kjentmann og fotograf. ¹⁴C-dateringa viser at stokkane er rundt 900 år gamle, og dei var laga av osp. Musa(?) har gnaga nokså mykje rundt det uthola rommet. Den eine halvdel er derfor knekt i to. (Foto: Normann-samlinga/Rauma folkebibliotek)



Uthola stokk av furu også funnen i Fossaliura. Her er all geit-ved (yte) borte, og berre al-veden er att. Derfor kan ein sjå gjennom holrommet. Nasjonallaboratoriene for datering ved NTNU Vitenskapsmuseet fann ut at stokken var hogd kring år 1000. (Foto: Bjørn Austigard)



Frå Fossaliura og ned i Romsdalen med Rauma, Raumabanen og E136 i dalbotnen. Foss heilt t.h. i bildet og Gravdehaug midt på. (Foto: Andreas Normann)

stokk-feller av noko slag, berre steinfeller. Me var derfor like langt på dette punktet.

Ny ekspedisjon til Fossaliura

Sommaren 1976 inviterte Andreas Normann meg med til Fossaliura slik at eg med sjølvsyn skulle få sjå eit stokkepar som låg urøvytt i den same ura. Ein dag i september 1976 var me der, og etter litt leiting mellom mange store steinar og låge hellarar fann Andreas det han leita etter. Han løfta opp og tok fram den øvre halvdelan slik at eg kunne sjå at det var eit ut-hola rom mellom halvdelane, og så tok eg fleire bilde og la på eit målband på den eine. Så vart halvdelan lagt på plass att. Det kom ikkje på tale å ta med noko til museet. Han sa klart frå om at dette måtte bevarast slik det var funne for ettertida!

På den same turen registrerte eg eit titals vanlege steinfeller for røyskatt og mår. Felletrea ('felltrea' dvs. mekanismen) låg i mange tilfelle mellom steinhellene, og Andreas og



Fossaliura 1976. Slik låg stokken då Andreas Normann og eg fann han att under ein tørr hellar (sjå pil). Lengde: 58 cm, truleg av osp. Denne stokken er ikkje datert. Sjå neste side. (Foto: Bjørn Austigard/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

eg var samde om at desse kløyvde stokkane truleg var noko heilt anna.

Funnet på Julbøen 1981

Då husmannsplassen Kal'lykkja frå Verma stod ferdig på Romsdalsmuseet 1979, vart det eine paret med klovningar stilt ut der i håp om at det skulle komme nokon som visste kva det var, men det var ingen respons. Den 1. september 1981 derimot skjedde det nokon overraskande: Då kom museumsvennen Omar Øverland (1942-2020) innom meg på museet med noko som sønene hans hadde funne i ei stor ur på Julbøen i Julsundet, og han ville vite kva det var. Han håpa sjølv sagt på eit «orakel-svar» frå meg, men det einaste eg visste, var at det han kom med, var akkurat det same som var funne i Fossaliura oppi Romsdalen milevis unna. Tre veker etterpå kørde me saman ut på Julbøen for å dokumentere funnstaden (sjå bilde). Det var utruleg ulendt oppi ura, og eg våga meg ikkje ned i det 4-5 m djupe hullet der klovningane var funne.

Åra gjekk, og det kom ikkje noka løysing på desse funna medan eg var tilsett på Romsdalsmuseet.

¹⁴C-dateringa

Snart 50 år har gått. I 2010 pensjonerte eg meg, og mest heile tida etter det har eg skrive om ting eg har sett og opplevd i oppveksten, i museumsåra og elles om ting som eldre har fortalt meg i alle desse åra. Desse kløyvde stokkane på museet var det truleg berre eg som visste om. Eg tenkte som så: Ei datering hadde vore på sin plass før alt gjekk inn i gløymsla.

Romsdalsmuseet søkte så Romsdalsmuseets venner om kr 12.000,- til ¹⁴C-datering av funna i Fossaliura, og svaret var «JA». Prøvene vart straks sendt til Trondheim, og åtte veker etterpå kom det sensasjonelle svaret: Det eine stokke-paret var nokså nøyaktig 1000 år gammalt, og det andre – det lange – var rundt 100 år yngre. På meg kom den høge alderen svært overraskande, ja, det var både 2 og 3 gonger meir enn eg våga tru.



Andreas Normann løfta forsiktig den øvre halvdel av stokken slik at det uthola rommet kom til syne. Stokken vart målt og så lagt på plass att. (Foto: Bjørn Austigard)




Funnet på Julbøen 1981. Stokken låg på ein tørt plass langt innunder ein stor stein/hellar. Treslaget er tolle (furu), og i dette tilfellet er både geite og al bevar. ¹⁴C-dateringa viste om lag 1100 år! Det er eldre enn alle stavkyrkjene våre, men litt yngre enn Gokstadskipet og Osebergskipet. (Foto: Bjørn Austigard/Romsdalsmuseets fotoarkiv)



Frå innsida av stokken. Treet var felt med øks og så hogd av på 62 cm lengde. Etter kløyninga er kvar av delane uthola med den same øksa, men utholingane er ikkje akkurat like lange. Arbeidet er nokså grovt gjort. Her er ingen pryd. Tverrmål på stokken: 18 cm. (Foto: Bjørn Austigard/Romsdalsmuseets fotoarkiv)




Julbøen med Julsundet sett frå Julaksla. Ringen på bildet viser ura og funnstad. Landskapet er nokså ulikt det ein finn oppi Romsdalen, men lia er bratt. (Romsdalsmuseets fotoarkiv)



Er dette ein buplass, undrast Omar.



Over: Omar og Henny Øverland attende i ura på Julbøen, 25. sept.1981.
Under: Her peikar han med ein stav dit sønene hans fann den 1100 år gamle stokken. Det er mange slike store steinar i denne ura, så her kan det vere meir å finne. (Foto: Bjørn Austigard/Romsdalsmuseets fotoarkiv)



Den største steinen er 20-25 meter høg.

Her var ikkje tvil: Funnet på Julbøen måtte også daterast, og ei prøve vart ettersendt sist i september 2024. Då resultatet kom, viste det seg at tolla (furu) på Julbøen var hogd for nesten 1100 år sidan. Her var eit overraskande godt samsvar.

Men gåta var enno uløyst

I dette tilfellet var alderen svært viktig, men kva funksjon desse kløyvde stokkane har hatt, visste me framleis ikkje. Det er opplagt at det utholla rommet mellom stokk-delane og gøymestaden i ei tørr ur, måtte vere ein del av løysinga.

Onsdag 18. november 2024 hadde Romsdalsmuseet besøk av arkeologane Bernt Rundberget frå Vitenskapsmuseet og Kristoffer Dahle og Arve Nytun frå fylkeskommunen. Heile materialet – med dei ferske da-



Tre uthola stokkar presentert for arkeologane Arve Nytun (t.v.) Bernt Rundberget og Kristoffer Dahle på Romsdalsmuseet i november 2024. Ingen av dei kunne minnst å ha sett noko liknande før. (Foto: Bjørn Austigard)

teringane – vart lagt fram for dei. Ingen av dei hadde sett noko liknande, men dei lova å granske gamle funn.

Hjelp frå Romsdals Budstikke m.fl.

I Romsdals Budstikke den 21. desember 2024 skreiv eg ein artikkel med tittelen «Tusen år gammal gåte» om desse stokkane. Same artikkelen kom seinare i Åndalsnes Avis den 10. januar og etter det i avisa Driva. Spørsmålet til slutt i artikkelen var dette: Er det nokon der ute som har sett noko slikt og som har noko å fortelje?

I dagane og vekene etter kom det fleire forslag: Ein «gøymestad for verdisaker i ufredstider» var det fleire som var inne på. Arkeologane avviste det ikkje. Andre tenkte nok meir på feller og fangst, og for somme tok fantasien heilt av: Det kunne vere ei fangstinnretning for bjørn, gaupe, jerv eller mår. Det var berre å legge nok stein oppå stokkane, var det somme som hevda!




Fig. 1. Skisse av ei oppsett felle. A og B er av stein og 1, 2 og 3 av tre. Når nokon rører agnet (4) fell A ned. (Teikna av Bjørn Dalheim).

Slik sette me opp røyskattfellene våre i Eikesdalen. Kvart felltre hadde namn: 1 skorafelltre, 2 oppstrandaren og 3 spjølka med agnet (4). Innsamlinga i 1975 viste at namna på felltra varierte litt frå bygd til bygd, men nesten alle sette opp fella på den måten som er vist på teikninga.

Alf Jevanord, Åndalsnes, er kanskje den einaste nolevande her i området som har sett noko liknande utanom funna i Fossaliura. Han har drive med jakt og fangst store delar av livet, og han har lese mykje om jakt og fangst i tidlegare tider. Han har dessutan vore jaktoppsyn, og han har drive med ettersøk i sam-

band med skadeskyting. Han fortalde til meg på telefon at han var på eit hjortesøk saman med Dagfinn Roald i Innfjorden for 20-30 år sidan. Då såg han slike stokkar under ein stor hellar. Dei to gjekk (oppover dalen) så langt dei kunne etter vegen, og gjekk så opp i lia – truleg opp for Berill eller der omkring-



Felle i Namdalsmuseets samlingar, NAM3039. Museet sende meg desse opplysningane: «Den kommer fra Vesteråa i Overhalla og ble gitt til museet av Statens skoger v/skogssjef Berger. Registrert i 1983. Mye tyder på at den er eldre enn 1850.» Det står ingen ting om oppsettinga.



Denne stokkfella er i samlingane til Stiftelsen Saemien Sitje, dvs. Sørsamisk museum, Snåsa. Dei fellene som er i Romsdalsmuseets samlingar, kan vanskeleg settast opp slik. Dei vil truleg bli for ustødige. Især den 1,6 m lange fella er det uråd å sette opp slik.



Fella frå Julbøen vart kanskje sett opp slik? Agnet er her plassert midt i det opne rommet, og når røyskatten kom for å ete, fall kanskje fella lettare ned om det vart gjort slik? (Foto: Bjørn Austigard)



A, B og C er hermelinstockar på Nordiska museet, Stockholm. Bilda er henta frå digitaltmuseum.se. Alle er registrert i samlingane 30. september 1958. Her står ingen ting om alder eller kva felltre som vart nytta.


Kanskje var det oppi Berilldalen ein stad? Under ein stein/hellar låg det eit slikt stokkepar, og to av tre delar av felltrea var der. Spjølka, den lange spildra som agnet vart festa til, mangla. Han meinte sikkert at dette var sett opp for å fange røyskatt, kanskje levande pga. skinnenet.

(«Musa har lett for å ta hår frå røyskatt til bolet sitt», la han til.) Han vil leite etter stokkane neste sommar.

«Hermelinstock»

Etter dette søkte Tor Christian Jeivanord, son til Alf, på nettet og fann bilde av slike og liknande fellar i

Namdalen, Finnmark og Nord-Sverige (sjå foto med bildetekster). Ved Nordiska Museet i Stockholm er denne felletypen kalla «hermelinstock», og i sine samlingar har dei tre slike frå Lappland, dvs. lengst nord i Sverige. I registreringane er desse stokkane plassert under em-




På turen til Fossaliura i 1976 såg Andreas Normann og eg meir enn 10 tradisjonelle røyskattfeller. Under mange av dei var dei originale felltree på plass. Ëi felle hadde ein plankebit til «oppåstein». (Foto: Bjørn Austigard/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

net «Fällor Samisk historia», og det kan vel hende at dette er rett, men dei har også vore bruka i Namdalen og i Romsdal i tillegg til Finnmark. Det er her verdt å merke seg at det er berre tre fellere i Romsdal som er ¹⁴C-datert. Kva alder det t.d. er på stokkane frå Overhalla i Namdalen, skulle eg gjerne ha visst.

Når svenskane kallar denne felletypen for «hermelinstock», så skulle ein kanskje tru at det heiter «stokkfelle» på norsk, men det tvilar eg på. «Fallstokk» er ei felle for mår (og oter), men det er noko anna, sjølv om mekanismen (fretals-fella) er den same. Eg trur rett og slett at det ikkje finst noko norsk namn på

denne felletypen etter som dei er så ukjente.

I 2025 hadde eg på nytt kontakt med Norsk skogmuseum på Elverum, med spørsmål om dei hadde slike fellere i magasinet eller om det fanst omtalar av dei i arkivet eller i artiklar. Konservatorane la arbeid i spørsmålet utan å finne noko, skriv Bjørn Bækkelund til meg 31.01.2025. Dei gjekk også gjennom Øystein Mølmen's fangst-registreringar (frå Lesja og Nord-Gudbrandsdalen) utan å finne spor. Norsk skogmuseum på Elverum har som formål å ta vare på og formidle kunnskap om *skog, skogbruk, jakt, fiske og skogindustri*, og i det lyset er det litt overraskande



Holromma på alle fellene er nok så grovt tilhogde, men vikingane må ha hatt kvasse økser. Øvste bildet (A) viser ein detalj frå den 1100 år gamle fella frå Julbøen. I midten (B) er detaljar frå den 1000 år gamle fella frå Fossaliura. Her var det festa ei lita flis («lus») med ein trenagle for å tette att ei opning mellom delane. Detalj frå oppåstokken til fella (C) som vart lagt att i ura i 1976. Sjå etterord. (Foto: Bjørn Austigard/Romsdalsmuseets fotoarkiv)

at denne fangstmetoden synest heilt ukjend sør for Romsdalen.

Ettertrakta skinn

Den kvite pelsen og den svarte rumpepippen, det er det som er hermelin. Etter *Norsk etymologisk ordbok* (2013) kjem hermelin frå tysk til Norge, men namnet har truleg opphavet sitt i indoeuropeisk språk, og då er det mange tusen år gammalt. I mellomalderen vart hermelin eit symbol for *det reine*, og det vart laga kapper til kongar og fyrstar med kragar m.m. av hermelin. I Norsk skogbruksmuseums årbok 1976, s. 29 står det at prisen på hermelin steig kvar gong det skulle vere kroning ute i Europa.



Dronning Maud og kong Haakon under kroninga i 1906. Her er mykje hermelin. Kjeldene fortel at størsteparten av røyskattskinna vart kjøpt inn frå Russland.

Me kjenner ikkje namna på dei som fanga røyskatt oppi Fossaliura og på Julbøen for tusen år sidan, men dei gjorde det nok ikkje for moro skuld. Truleg brukte dei det verdifulle skinnnet i byte med andre varer. Dette var tilfelle på Romsdalsmartnan så seint som i 1773, skriv Gerhard Schøning. Eg fekk kontant betalt for mine røyskattskinn sist i 1950-åra, frå 5 til 10 kroner, og det tilsvara ei timesbetaling på bygdene den gongen. 50 år før, dvs. 1910, var prisen i Kristiania 2 til 3 kroner pr. skinn, og det tilsvara ei god dagsløn den gongen.

Kva ein kunne få i byte for eit fint røyskattskinn for 1000 år sidan, det veit eg sjølvsagt ikkje, men det er opplagt at det hadde sin verdi.

Etterord

I 1982 var 18 år gamle Lars Gunnar Sæther frå Øverdalen på leiting etter kløyvde stokkar oppi Fossaliura. Han fann det stokkeparet som

Andreas Normann og eg ville la ligge, men han visste sjølvsagt ikkje kva Andreas tenkte og sa i 1976. Han tok med seg heim den øvre halvdelen, og etter ein del leiting fann han att halvkløvningen i juni 2025. Borken viser at treslaget også her er osp, men noka datering blir ikkje gjort ved dette høvet. (Foto: Lars Gunnar Sæther)



Viltskinn frå Eikesdalen gjevne som gåve frå Kristian Austigard, Eikesdalen, til ei utstilling om feller og fangst på Romsdalsmuseet 1978. Røyskattskinnnet er ein god del mindre enn ekorn- og mårkinnnet. Kristian sende fleire røyskattskinn til Oslo skinnauksjoner i 1970-åra, men dei kom i retur: Det var ingen kjøpar! Eine ekornskinnnet er enno ikkje «snudd» slik at pelsen vender innover. (Foto: Bjørn Austigard/Romsdalsmuseets fotoarkiv)